

Frå

Heine Eikemo

Bygdavegen 132

5760 RØLDAL

31.10.2024

Til

Norges vassdrags-og energidirektorat

Postboks 5091 Majorstua

0301 OSLO

Mrk.Høyringsuttale 202320330

Høyringsuttale til søknad om O/U og revisjon i RSK anleggene.

-Viser til søknad om opprustning og utvidelse (O/U) og revisjonsdokument frå Lyse Kraft DA for Røldal-Suldalsvassdraget (heretter RSK).

-Eg er ein allmenn brukar av naturen i omtalte nedslagsfelt og deltakar på fleire offentlige informasjonsmøter i Røldal anng. RSK O/U (arrangert av Lyse kraft DA).

-Eg klarer ikkje sjå kva opprustningstiltak i Røldal, Votna og Valdalen som gjer at ein kan sjå på «opprustninga» med positive augo.Dei allereie store ulempe ved RSK anlegget vert i takt med effektøkningen vurdert som **«4 dobbel ulempe»**.

-På informasjonsmøte 11.06.2024 i Røldal vart det på forespørsel repetert fleire gonger «at det **ikkje** var planlagde natur og-miljøforbedrande tiltak i Valdalen,Votna eller Novlefoss», men ved Røldalsvatnet nokre steinkast ifrå sentrum foreslår utbyggar å donere ein gigantisk steintipp framlagt som eit «positivt miljøtiltak».Dermed kan heller ikkje revisjonsdokumentet sjåast på med positive augo.

-Ei oppfølging av informasjonsmøte vart ei spørreundersøking blant innbyggjarar i Røldal, der ca.75 % (av alle svara) vart NEI til meir Lysekraftutbygging m.effektkjøring.

-Lyse kraft DA samanliknar kraftsystemet sitt med ein bil som treng meir effekt (større motor) det er eit godt døme som dei fleste kan forstå.

-Lat oss seia vi har ein bil frå 1960 m.100 hk-motor,og vi vil oppgradere bilen i 2024 ved å montere èin motor til på 100 hk (dobbel effekt).Oppgraderingen vil vere søknadspliktig og mest truleg avvist allereie tidleg i søknadsprosessen.

-Så tilbake til Lyse kraft DA sin søknad om utvidelse til dobbel effekt (fleire motorar).

-For meg verkar det som Lyse kraft DA ønsker å dobbla effekten utan å gjere vesentlige tiltak i reguleringssona for å imøtekoma den auka belastninga dobbel effekt vil påføra: Fisk,dyreliv og menneske mtp: Erosjon,estetikk,natur-og miljø,tilgjengligheit,framkomeligheit og tryggleik.

Vidare meiner eg søknaden minner meir om «nybygg» (nye tunnellar og kraftstasjonar) enn opprustning og utvidelse.

-Slik søknad og informasjon som ligg føre i dag er etter min oppfatning ikkje lenger foreinlig med vidare drift utan å verta pålagd å gjennomgå ein heilt **ny fullstendig konsesjonsbehandling** på heile RSK anlegget m/nye vilkår etter dagens krav og ikkje drive vidare med 60 år gamle utdaterte vilkår.**Har stor forventning til NVE og avslag på Lyse kraft DA sin O/U søknad.**

-Kjem her med nokre argumenter for kvifor eg meiner kosesjonsinnehavar må påleggast dei aller strengaste krav til natur,miljø-og tryggleiksomsyn ved ein full revisjon av RSK anlegget.

Natur-og miljø:

Nye krav har jamnleg kome til i den 60 års perioden anlegget har vore i drift,her kan ein lettvint samanlikna med t.d. veganlegg som i dag vert levert frå seg som ein pryd ift.anlegg bygd på 60-talet.

Overtak ein t.d. eit hus i dag kan ein ikkje sleppa kloakken på sjøen sjølv om det vart gjort for 60 år sidan,ein lyt fylgja gjeldane vilkår til ei kvar tid og då må ein òg akseptera at vilkåra vert revidert etter 60 års drift.**Det må sjølv sagt også gjelde for vasskraftanlegg.**

Mange har uttalt: «Eit slikt anlegg hadde aldri vorte bygd i dag». Kvifor ?

Naturlegvis grunna **for** store natur-og miljø inngrep,og av den grunn må no dei strengaste krav nyttast for om mogleg retta opp i nokre av inngrepa.

Når ein bur i Røldal er det naturleg å «setja båten utpå» og dra i land ein fiskamiddag i eit av dei mange fjellvatn, men etter vasskraftutbygginga har det diverre vorte umogleg grunna manglande båtutsett på samtlege vatn i reguleringssona.

Det må naturlegvis vera kosesjonæren sitt ansvar å byggja,drifta og vedlikehalda slike båtutsett for grunneigarar og eventuelt andre bruksberettiga slik det er i andre tilsvarande anlegg.

Slike vilkår har for meg og andre vore ukjent fram til i dag og må difor takast med i vurderinga av full revisjon av RSK anlegget, og må fylgja konsesjonen til ei kvar tid.

Estetikk:

Om vi samanliknar Langfoss (i Etne kommune) med Novlefoss (tørrlagd) i Røldal er det ingen som i dag hadde akseptert å tørrleggja Langfoss. Kvifor skal vi då akseptera ein tørrlagd Novlefoss ?

I forbindelse med nye kosesjonsvilkår og bygging av ny hovedstamveg øst-vest E-134 må naturlegvis Novlefoss og Røldalsvatn få ei viss minstevassføring i sumarmånadane for å ivareta det verdifulle potensiale som ligg her. På forespurnad om minsetvassføring i Novlefoss i sumarmånade (infomøte 11.06.24) svarar Lyse kraft DA att det vert for stort økonomisk tap.

Eit slikt svar oppleves som proverbserande og lite framtidretta.

Mykje kan truleg òg rettast på ifm.oppgradering/ombygging av anlegget for å få tilbake noko meir natur-og miljø samt nytta vasskraftressursane på ein meir berekraftig måte enn det som ein konsesjon m.tilhøyrande vilkår laga for 60 år sidan gjev oss.

Oppgradering/ombygging:

Fleire har tatt til orde for ei nødvendig oppgradeing/ombygging av anlegget, og nokon har òg sett på moglegheiten til å kobla anlegget i saman med «nerliggande» anlegg for å utnytta «ledig kapasitet» og få tilbake noko meir natur-og miljø.

Gode tankar alt saman, men etter mi meining bør her styresmaktene syta for/påleggja dagens konsesjonærar å retta seg etter ein uttale om slik ombygging/samankobling til felles beste for både lokale og nasjonale interesser for best utnytting av «våre» vassressursar.

Ein slik uttale er av stor interesse hjå almennheita og bør tildelast eit uhilda fagmiljø med aller beste kompetanse på området, som t.d. NTNU e.l.

Miljø:

Det å bu i Røldal handlar òg i stor grad om å forhalda seg til RSK-utbygginga på godt og vondt om ein vil eller ikkje. Dette pregar alle anten ein er ung, eldre, midt i livet, lokal, tilflyttar, arbeidsinnvandrar, grunneigar, næringsdrivande, turist, hytteeigar eller anna. Det gjere noko med oss på kvar sin måte, og medfører ein del utfordringar som andre slepp å ta stilling til.

Medan vi stadig opplever at storsamfunnet nasjonalt (og etter kvart utanom nasjonen) ønsker å ta del i vasskrafta sitt økonomiske utbytte, er det sjeldant å høyre om nokon som ynskjer å dela ulempene som følger med RSK anlegget.

Dette er ein miljøfaktor det truleg ikkje vart tatt omsyn til på 60-talet og eit verditap som burde få sin plass i ein ny full revisjonsak for RSK anlegget.

Tryggleik:

Erfaring gjennom siste 62 år viser at det er spesielt utfordrande/umogleg å kombinere menneskelig trygg ferdsel med vasskraftproduksjon/magasinerings i Valdalen.

Etter at børsavhengig produksjon vart innført (truleg ca. frå 1993) har ferdselen i Valdalen fått **ekstra** store utfordringar ift. tryggleik og framkomelighet. Det har vore uhell både med og utan tap av menneskeliv i Valdalen, har sjølv vorte vitne til 3 stygge nestenuhell med aller minste margin for tap av liv men gjekk heldigvis bra.

Kjenner òg til 5 andre nestenuhell med minste margin for tap av liv,


(siste i sept. 2024 bil m. småbarnsfamilie nær ved å bli dytta utfor vegen av annen bil og i dypet av Valdalsvatnet grunna usikra veg).

Truleg fleire enn meg som har opplevd noko liknande i Valdalen. Det er heller ikkje kjent for meg om det er system for registrering av nestenuhell i.f.m. ferdsel i Valdalen.

Det er òg overhengande rasfare sommar og vinter, bare flaks at ingen har vorte teken av snø/is eller steinras til no.

Lyse kraft DA sitt ønske om nybygg av effektanlegg i RSK sitt anlegg vil få svært store negative konsekvenser for framkomelighet og tryggleik (både for folk og dyr) i fleire vassdrag, primært på Votna og sekundært i Valdalen og er følgelig ikkje sett på med positive augo. Det vart informert om (11.06.24 infomøte) at det vil vera mogleg å gå utanom isen på Votna ettersom vanleg trasé ikkje kan nyttast lenger, tvilar på om den alternative ruta i det heile er vurdert opp i mot tryggleik.

Krevjande ferdsel i Valdalen



Her ser ein at hovudtrasè over Valdalsvatnet er stengd og alternativ løype over Storavatnet er livsfarleg grunna snøskredfare, i praksis er Valdalen i slike tilfelle utilgjengelig pga.kraftmagasinering.

Slike forhold opplevs mange dagar/veker i løpet av ein vintersesong, vinteren 2019/2020 vart istryggleiken underkjend av konsesjonær kvar dag gjennom heile sesongen og i praksis var Valdalen **heilt stengd for trygg ferdsel heile vintersesongen.**

I tillegg har Potitimyndigheita og kommune stengd innfartsvegen til Valdalen både fysisk og ved **skilting grunna rasfare ved fleire høve.**

Slik informasjon bekreftar uframkommeligheit og trugar tryggleiken kraftig. Dette underbygger behovet for nye alternative trygge ferdselsveggar t.d.tunellar, og er i tråd med kravet om ny full revisjon/konsesjonsbehandling av RSK anlegget.

Hardangervidda:

Valdalen vert nytta som èin av dei 3-4 viktigaste hovudinnfartsårene til Hardangervidda heile året, og i så måte ekstra krevjande ift.tryggleik grunna mange ukjende med tanke på «lokale» forhold. I tillegg er Valdalen geografisk sett for det meste utan tlf.dekning som trugar tryggleiken ekstra.

Summen av desse forholda tilseier at Valdalen må få tryggare ferdselalternativer enn dagens,

(bedre eller like bra som før kraftutbygginga tok til). Eventuelle utbyggings/vedlikehaldskostnader må tilleggast konsesjonsinnehavar til ei kvar tid.

Geologisk vurdering mtp.ras både sommar og vinter er eit miniumskrav ifm. full revisjon/konsesjonsbehandling av RSK anlegget.

Konsesjonskrav for vidare drift av RSK anlegget.

- Medeigarskap for Ullensvang og Suldal kommune i Lyse kraft DA pålagd av NVE.
- Valdalsvegen overdras frå Ullensvang kommune til konsesjonsinnehavar (for tida Lyse Kraft DA) inkludert alt reparasjons og vedlikeholdsarbeid og skal følge konsesjonen til ei kvar tid.
- Sikra trygg framkommeligheit/tilgjengeligheit til alle eigedomar i Valdalen sommar og vinter 365 dg. I året, like god eller bedre enn før kraftutbyggingens start. Alternative ruter i bratt terreng opp og nedstiging (1000-1100 m.o.h) er ikkje akseptabelt.
- Minium 10 faste arbeidsplasser med oppmøte i Røldal (konsesjonsbelagt).
- Telefondekning i heile Valdalen (av tryggleikshensyn,innfartsåre til Hardangervidda).
- Båttutsett inkl.veg og opptrekk til alle grunneigarar (og fastbuande i gamle Røldal kommune) på Røldalsvatn,Votna,Kaldevatn,Middyrvatna og Valdalsvatn. Byging/drift og vedlikehold av båttutsetta må vere konsesjonsbelagt og tilknytt konsesjonæren til ei kvar tid.
- Ei viss minstevassføring i Novlefoss og Røldalsvatn mellom 15 Mai og 1 okt. (konsesjonsbelagt).
- Næringsfond til Ullensvang og Suldal kommune med årleg indeksregulert x antall millionbeløp (konsesjonsbelagt).
- Tunnelmassedeponi ved Røldalsvatn avvises i sin heilhet.
- Frostrøykproblematikken ved Røldalsvatn må tilintetgjørres.

Erfaringen med vel 60 års vasskraftproduksjon og utfordringar ikring tryggleik,framkomeligheit og tilgjengeligheit til eigedomar i Valdalen er kort forklart **skuffande**.

Behandlinga av heimfallsretten og div.lovendringar med påfølgende «selskapsfinte» oppleves og som svert **skuffande**.

Eg ønsker dermed ikkje at Lyse kraft DA skal få klarsignal på sin O/U søknad slik den ligg føre i dag,

Og oppmodar NVE til å pålegga RSK anlegget å gjennomgå ny full konsesjonsbehandling på heile anlegget.

Håpar eg slepp fleire skuffelsar.

Med beste helsing

Heine Eikemo.

